1. Gråhø (1779moh)

Ta av frå fv 51 nord for Bygdin. Følg Jotunheimvegen mot Skåbu. Bombillett kr. 100. Køyr ca 13,5 km til mellom Haugseter Fjellstue og Listølen. Fjellstafettskilt står ved parkeringsplassen. Stigen startar ved Liåne.

Følg raudmerka og varda stig oppover langs Liåne. Stigen er merka heilt til toppen, men blir utydeleg nokon stader ca halvvegs og til toppen. Følg godt med på merkinga, det er ingen fjellstafettskilt undervegs.

Lengde: Ca 5 km ein veg
Høgdeforskjell 729 meter
Tid. Ca 2,5-3 timer opp



2. Gravolskampen (1281 moh)

Start ved fv 51, Båtskardstølen. Fjellstafettskiltet står på høgre side av vegen. Følg stig som går til Gravolskampen.

Lengde: 2,6 km ein veg
Høgdeforskjell: 100 meter
Tid: ca 45 – 60 min opp



3. Svoloberget (1233 moh)

Ta av FV 51 ca 3 km sør for Beitostølen. Følg stølsvegen ca 9 km til Olestølen. Bombillett kr 50. Fjellstafettskilt står ved enden av vegen. Følg stig mot Vinstre. Ta av til venstre ved lite fjellstafettskilt i Oleskardet og følg stigen opp på Svoloberget.

Lengde: 1,7 km ein veg
Høgdeforskjell: 233 meter
Tid: ca 30 - 40 min opp



4. Stryteberget (1310 moh)

Ta av FV 51 i Skammestein. Følg Vinstervegen 1,5 km til bom. Bombillett kr 40 . Følg Vinstervegen vidare i 10 km. Ta av til venstre ved Stryta, og køyr 2,5 km til høgdedraget mellom Stryta og Vinstre. Her står fjellstafettskiltet.

Lengde ca 1 km ein veg
Høgdeforskjell 130 meter
Tid ca 20-30 min opp



5. Skindrofjellet (Skreddalsfjellet) (1398moh)

Ta av FV 51 i Skammestein. Følg Vinstervegen retning Skindro, bombillett 50kr. Skiltet står 50m forbi sauekveet.

Følg vegen 50m før stigen tar av til høgre. Ganske bra sauestig nesten helt til toppen, fjellstafettskilt der du tar av fra stigen. Du passerer en dyregrav ca midt på turen, nede i en dalsøkk.

Lengde: ca. 2 km ein veg
Høgdeforskjell: 228 meter
Tid: ca. 40 min opp



6. Godtumen (1414 moh)

Ta av FV 51 i Skammestein. Følg Vinstervegen 1,5 km til bom. Bombillett kr 40,- . Følg Vinstervegen vidare i 10 km. Ta av til høgre ved Stryta, og køyr 2,5 km til Sørre Skreddalen. Her står fjellstafettskiltet. Følg anvist stig i ca 800 meter. Ta til høgre ved eit lite fjellstafettskilt som viser stig opp til Godtumen.

Lengde: 2 km ein veg
Høgdeforskjell: 260 meter
Tid: ca 30 - 40 min opp



7. Svarthamartinden (1471 moh)

Ta av FV 51 i Skammestein. Følg Vinstervegen 1,5 km til bom. Bombillett kr 40,- . Følg Vinstervegen vidare i 10 km. Ta av til høgre ved Stryta, og køyr 2,5 km til Sørre Skreddalen. Her står fjellstafettskiltet. Følg anvisning til stig på skilt. Fram til Svarthamartjednet er det grei stiglei. Mot toppen er det flere vegvalg.

Lengde: Ca 4,3 km ein veg
Høgdeforskjell: 311 m
Tid: ca. 1-1.5 time opp



8. Kringlehøgde (1474 moh)

Køyr av Fv 51 ved Coop på Heggenes og følg stølsvegen mot Yddin. Bomveg kr 50. Frå bommen er det ca 16 km til infoplassen til Langsua nasjonalpark. Parker her. Les kart og følg stigen opp til Kringlehøgde.

Lengde: Ca 3,7 km ein veg
Høgdeforskjell: 358 m
Tid: ca. 1,5 – 2 timer opp



9. Brøthøvdhøvda (744 moh)

Ta av FV 51 mot Volbu, følg Volbusvegen 1,6 km, ta av til høgre på Nyhagevegen og kjør ca. 1 km (forbi Volbu Grendehus og vidare oppover Nyhagevegen) til vegkryss mot Kvamsvegen til høgre. Kjør Kvamsvegen ca. 300 m. Parkering ved snuplass/vedplass 100 m nord for Lyngstad. Følg skilta ruta på Kvamsvegen ca. 1,3 km til Brøthøvdreset. Følg merka stig til høgre, ca. 300 m til toppen.

Lengde: ca. 1,6 km opp
Høgdeforskjell: ca. 115 m
Tid: ca. 30-40 min opp



10. Hanakneet (860 moh)

Ta av FV 51 mot Rogne øverbygd/Rabalen. Køyr ca 1 km. Stigen startar på høgre side av vegen. Turen er merka som ein rundtur, gå gjerne heilevegen rundt. Følg fjellstafettskilt og raude merker.

Lengde: 2,5 km ein veg
Høgdeforskjell: 258 m
Tid: ca 1 time opp



11. Skarvemellin (1276 moh)

Nordfrå: Ta av F51 ved Coop Marked Rogne, kjør 1.100 m etter Gamlevegen til Melbybråten. Frå Fagernes: ta av F51 ved nykrysset, kjør 300 m til Melbybråten. Frå Melbybråten kjør Køllstadvegen, deretter Etnlivegen totalt 2,5 km, til bom (kr. 50,-). Køyr vidare på Etnlivegen ca. 6 km forbi Heimstølen til Storåksle(feriste), der det er parkering. Derfrå går stigen fyrst i skogsterreng, så på steingrunn/snaufjell til toppen 1.267 moh. Alternativt kan du køyre Etnlivegen vidare 1,2 km inn til kryss mot Tursjøen, der det er parkering. Stig fyrst gjennom skogsterreng, så på steingrunn/snaufjell til toppen.

Lengde: ca. 2,0 km (ein veg)
Høgdeforskjell: 340 m
Tid: ca 1 time opp



12. Høgd sør for Midtre Saur (1070 moh)

Nordfrå: Ta av F51 ved Coop Marked Rogne, kjør 1.100 m etter Gamlevegen til Melbybråten. Frå Fagernes: ta av F51 ved nykrysset, kjør 300 m til Melbybråten. Frå Melbybråten kjør Køllstadvegen, deretter Etnlivegen totalt 2,5 km, til bom (kr. 50,-). Køyr vidare på Etnlivegen til Tansberg. Følg stigen frå Tansberg i retning Saur. Etter ca 2,3 km er det merka med fjellstafettskilt og du tek til venstre opp mot tumålet.

Lengde: ca 2,7 km ein veg

Høgdeforskjell 85 meter

Tid: ca 60 min opp